



Innst. 45 L

(2013–2014)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

Prop. 205 L (2012–2013)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om endringer i pengespilloven (endring av tippenøkkelen m.m.)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kulturdepartementet legg med dette fram eit forslag til lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill mv. (pengespilloven).

Regjeringa ønskjer å endre fordelingsnøkkelen for overskotet frå pengespele Norsk Tipping AS til byr (tippenøkkelen) for å styrkje idretten og kulturformål utanfor statsbudsjettet.

Etter gjeldande tippenøkkel går 47,9 pst. av speleoverskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsformål, 34,1 pst. til kulturformål og 18 pst. til samfunnsnyttige og humanitære formål. Stortinget fordeler 19,5 pst. og Kongen 14,6 pst. av midla til kulturformål.

Departementet foreslår å fordele speleoverskotet frå Norsk Tipping AS etter ny tippenøkkel i 2014 med 56 pst. til idrettsformål, 14,9 pst. til kulturformål utanfor statsbudsjettet, 11,1 pst. til kulturformål (som blir bokført på inntektssida i statsbudsjettet) og 18 pst. til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.

Forslaget i lovproposisjonen er i samsvar med forslag til vedtak til løyving i Prop. 1 S (2013–2014).

Departementet legg òg fram forslag om å fordele heile overskotet frå Norsk Tipping sitt nye spel, Nabolaget, mellom samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i ein overgangsperiode på fire år.

1.2 Om Nabolaget

Departementet foreslår ei endring i pengespilloven § 10 for å sikre at overskotet frå spelet Nabolaget i ein overgangsperiode frå 2014 til og med 2017 utelukkande kjem samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar til gode, slik at desse organisasjonane får naudsynte inntekter i ein omleggingsperiode.

Norsk Tipping AS inngjekk i 2011 ei avtale med ti humanitære organisasjonar (10H) om lansering og drift av eit eller fleire landsomfattande spelkonsept gjennom Norsk Tipping sine kanalar. Dei ti humanitære organisasjonane er Norges Røde Kors, Redningsselskapet, Handikapforbundet, Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Blindeforebundet, Flyktningehjelpen, Redd Barna, Nasjonalforeningen for folkehelsen og Norsk Folkehjelp. Desse organisasjonane skulle etter avtala motta ein stor del av overskotet frå dei framtidige spela. Avtala skulle opphavleg gjelde fram til 31. desember 2016. For å verne om einerettsmodellen og sikre ei rettferdig fordeling av spelemiddel oppmoda departementet partane om å avvikle avtala. Partane blei i juni 2013 samde om å oppheve avtala.

Nabolaget var eit av spela som inngjekk i avtala mellom Norsk Tipping og 10H. Etter at avtala fall bort, fekk Norsk Tipping løyve frå departementet til å starte opp Nabolaget som eit spel i den ordinære porteføljen til selskapet. I ein overgangsperiode frå 2014 til 2017 legg departementet likevel opp til ein del av overskotet frå spelet Nabolaget blir øyremarka 10H.

Dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane som i dag mottek spelemiddel frå overskotet til Norsk Tipping er organisasjonar som tidlegare hadde inntekter frå gevinstautomatar. Ein rekke organisasjonar som av ulike årsaker ikkje mottok inntekter frå

slike automatar kan ikkje få spelemiddel etter gjeldande vilkår. Departementet har vurdert at ei slik ordning ikkje er rimeleg på lang sikt. Departementet har derfor endra forskrifta som regulerer kven som kan få desse midla.

Fram til 2018 gjeld ei overgangsordning for organisasjonane som mottar spelemiddel i dag. Departementet meiner at organisasjonane som ikkje mottar spelemiddel i dag bør få komme inn i ordninga alle-reie i overgangsperioden. Departementet foreslår derfor at ein del av overskotet frå spelet Nabolaget skal komme desse organisasjonane til gode i åra frå 2014 til 2017.

Departementet foreslår at dei nærmare reglane om fordelinga av overskotet frå Nabolaget mellom dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane blir fastsette i forskrift.

1.3 Høyring

1.3.1 Høyring av fordeling av overskotet frå spelet Nabolaget

DEPARTEMENTETS FORSLAG

Departementet la spørsmålet om fordeling av overskotet frå spelet Nabolaget i ein overgangsperiode ut på høyring 30. april 2013 som ledd i ei høyring av andre endringar i fordelinga av tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Departementets forslag inneber at halvparten av overskotet frå spelet Nabolaget i overgangsperioden frå 2014 til 2017 skal gå til 10H og at den andre halvparten skal gå til organisasjonar som ikkje mottar spelemiddel i dag, men som vil oppfylle dei nye vilkåra for å kunne få spelemiddel.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE

10H støttar i sitt høyringssvar at spelet Nabolaget bli øymerkt dei samfunnsnyttige og humanitære organisasjonane, men ønskjer at dette skal bli ei permanent løysing.

Fleire høyringsinstansar er kritiske til at 10H skal få halvparten av overskotet frå spelet Nabolaget i overgangsperioden.

DEPARTEMENTETS VURDERING

Departementet meiner at ei god overgangsordning er nødvendig for å sikre at 10H får tid til å omstille seg. For å sikre 10H føreseielege økonomiske rammevilkår dei neste åra, meiner departementet at det er rimeleg at desse organisasjonane får ein øymerkt del av overskotet frå Nabolaget. Departementet meiner òg at det er føremålstenleg at organisasjonar som ikkje mottar middel i dag, men som vil oppfylle dei nye vilkåra for å kunne få spelemiddel i framtida, blir fasa inn i ordninga i overgangsperioden.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Hege Haukeland Liadal, Sonja Mandt, Terje Sørvik og Rigmor Aasrud, fra Høyre, lederen Svein Harberg, Kårstein Eidem Løvaas og Mette Tønder, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Ib Thomsen, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til at forslaget om å endre fordelingsnøkklene for Norsk Tippings overskudd er i samsvar med forslaget som ble fremmet i Meld. St. 26 (2011–2012) Den norske idrettsmodellen. I meldingen ble det varslet en gradvis opptrapping av idrettens andel og overskuddet til 64 pst., samt 18 pst. til kulturformål og en tilsvarende presentsats for humanitære og samfunnsnyttige formål i 2015. Komiteen registrerer at den foreslåtte endringen er en varslet opptrapping for å nå dette målet, og støtter de foreslåtte satsendringene.

Komiteen viser til at ti store organisasjoner tidligere hadde betydelige inntekter fra spilleautomater og at de, for å bidra til redusert spilleavhengighet, la ned automatdriften mot at disse organisasjonene fikk en andel av spillemidlene. Disse midlene har utgjort over 500 mill. kroner i 2013. Komiteen har registrert at regjeringen Stoltenberg foreslo at disse midlene heretter skal fordeles på om lag 300 søknadsberettigede organisasjoner, med unntak av de tre beredskapsorganisasjonene Røde Kors, Norsk Folkehjelp og Redningsselskapet som skal beholde tilskudd tilsvarende om lag 60 pst. av summen.

Komiteen har videre merket seg forslaget om endringer av pengespilloven § 10 for å sikre at overskuddet fra spillet Nabolaget i perioden 2014–2017 utelukkende skal gå til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner, og at halvparten skal øymerkes til 10H-organisasjonene for at de skal få nødvendige inntekter i en overgangsperiode. Overskuddet fra spillet Nabolaget vil bli fordelt med en fast andel på 50 pst. til disse organisasjonene i en overgangsperiode. Komiteen støtter dette.

Komiteen har videre merket seg at det er betydelig usikkerhet om hvor mye disse inntektene vil utgjøre da spillet enda ikke er igangsatt.

Komiteen registrerer at regjeringen Stoltenberg inngikk samarbeidsavtaler med frivillig sektor om kjøp av helse- og sosialtjenester. Komiteen mener at regjeringen bør vurdere om lignende avtaler også bør inngås når det gjelder beredskaps- og redningsarbeid, da dette er områder som ligger under offentlig ansvarsområde. Komiteen finner det naturlig at det offentlige kjøper tjenester av de organisasjonene som utfører slikt arbeid.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre og Fremskrittspartiet, er videre opp-

tatt av at markedet for pengespill og ikke-vanedannende lotterikonsepter ses i sammenheng, og ber derfor regjeringen utrede hvordan det kan legges til rette for etablering av ikke-vanedannende lotterier som ikke utfordrer enerettsmodellen, og der formålet er å øke inntektene til kultur og humanitære organisasjoner.

Flertallet viser til at i Sverige har den Svenske Postkodelotteriets kulturstiftelse på to år bidratt med over 210 millioner svenske kroner til ulike kulturformål, og hvert år mottar kulturinstitusjoner og kunstnere penger for å kunne gjennomføre prosjekter som påvirker samfunnet på en positiv måte. Postkodelotteriet er verdens tredje største filantropiske virksomhet og bidrar med store inntekter til gode formål gjennom et ansvarlig lotteri. I Norge har Lotteri- og stiftelsestilsynet anbefalt tidligere regjeringer å godkjenne søknaden om lotterivirksomhet. Flertallet vil støtte opprettelsen av flere ikke-vanedannende lotterikonsepter slik som Postkodelotteriet er.

3. Komiteens tilråding

Tilrådingen fremmes av en samlet komité.

Komiteen viser til proposisjonen og sine merknader og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om endringer i pengespilloven
(endring av tippespøkkelen m.m.)

I

I lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (pengespilloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 10 andre ledd skal lyde:

Overskuddet fra spillvirksomheten i selskapet og datterselskap fordeles med 56 pst. til idrettsformål, 26 pst. til kulturformål og 18 pst. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Midlene til idrettsformål og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, fordeles av Kongen. Av midlene til kulturformål fordeles 11,1 pst. av Stortinget og 14,9 pst. av Kongen.

§ 10 nytt femte ledd skal lyde:

Overskuddet fra spillet Nabolaget for spilleårene 2013 til og med 2016 kan i perioden 2014 til og med 2017 utbetales til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité og som kan motta midler etter andre ledd. Kongen kan i forskrift fastsette nærmere regler for utbetaling og fordeling.

II

1. Lova tek til å gjelde 1. januar 2014.
2. Føresegna i pengespilloven § 10 femte ledd vert oppheva 1. januar 2018.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 3. desember 2013

Svein Harberg

leder

Rigmor Aasrud

ordfører

